

MERKETAKING

Konkurransen

2014



Minimerke:

2 vanskelegheitsgradar: Blått og raudt. Kan takast av barn til og med det året dei fyller 12 år. Alle som tek merket får tilsendt merke og diplom (gratis)

Teknikkmerke:

NFF sitt teknikkmerke kan takast i 5 vanskelegheitsgradar: Blått, raudt, bronse, sølv og gull. Barna bør først ha teke minimerke 1 og 2 før dei tek teknikkmerke. Alle som tek merket får tilsendt merke og diplom (gratis).

Reglar for merketakingskonkurransar:

1. Konkurransen 1 (statuettkonkurransen)

Dei 3 klubbane som oppnår flest teknikkmerke (både minimerke og teknikkmerke) i høve til påmelde lag i aldersbestemte klassar vert premierte. Uansett tal miniputt-lag tel desse som eit, juniorlag tel ikkje med.

2. Konkurransen 2

Dei 3 klubbane som har teke flest merker vert premierte uavhengig av storleik på klubb og reglar i statuettkonkurransen

Diverse informasjon om konkurransane

1. For riktig gjennomføring og registrering viser vi til NFF's "Minimerke og teknikkmerke-brosjyre". Denne kan lastast ned på www.sffk.no
2. For å vere med i årets konkurranse, må de returnere skjema til Sogn og Fjordane Fotballkrets, **innan 31.10.2014**. Skjema kan sendast på mail til hildegunn.hove@fotball.no, eller til SFFK, Pb. 248, 6852 Sogndal.

Vi oppfordrar ALLE klubbar i SFFK om å sette fokus på merketakinga i treningsarbeidet. Gjennom merketaking er det lett for barna å måle framgang og motivere til ytterlegare fokus på teknikktraining.

Med vennleg helsing SFFK